

Dykkar ref.
10/1769 SLATN/rla

Vår ref / Sakshandsamar
10/2729-5 220
Ingrid Buset / tlf.

Dato:
23.06.2010

HØRING - RAPPORT OM SÆRFRADrag FOR STORE SYKDOMSUTGIFTER

Fagforbundet har motteke rapporten "Særfradrag for store sykdomsutgifter" og vil avgi høyringssvar.

Utfordringar og alternativ:

Det er mange utfordringar ved dagens særfradragssystem og den interdepartementale arbeidsgruppa er tydelege på at det er grunn til å endre dagens ordning med særfradrag for store sjukdomsutgifter. Arbeidsgruppa føreslår to forskjellige alternativ på bakgrunn av sin gjennomgang av ordninga:

- 1) Å avvikle fradragssystemet i skattesystemet og overføre midlane til offentlege stønads- og tilskotsordningar på statsbudsjettets utgiftsside.
 - 2) Å revidere, forbetre og stramme inn dagens særfradragssystem.
- Fagforbundet støttar alternativ 1), og vil argumentere for dette nedanfor.

Fordelingsproblemet

Norge har ein lang tradisjon for å bruke skattesystemet som eit fordelingspolitisk verkemiddel, og dette er effektivt på mange måtar, for eksempel for å finansiere universelle offentlege tjenester, pensjonar, trygder, sosialstønad og ved direkte omfordeling ved skattlegging av personinntekter. Men, særfradragssystemet er lite egna dersom ein ønsker å tilby alle innbyggjarar med den same sjukdom eller svakheit den same støtta, uavhengig av inntekt.

Særfradragssystemet føreset for det første at mottakar har skattepliktig inntekt av ein tilstrekkeleg størrelse, har råd til å betale utgiftene som det er krevd fradrag for, samt å vere i stand til å setje seg inn i eit komplisert regelverk. Minstepensjonistar og andres som ikkje betalar skatt har ikkje høve til å nytte seg av ordninga. Det viser seg at det er svært få med inntekt under 100 000 kr som krev særfradrag. Det viser seg også at gjennomsnittssummen for særfradraget stig med inntekta til mottakar.

Eit anna problem som blir nemnt av fleirtalet i arbeidsgruppa er at ordninga er krevjande å forholde seg til for skatteytarane, og det kan medføre at dei som har flest ressursar frå før er dei som krev fradrag og som greier å dokumentere kravet på ein tilfredsstillande måte, medan det opplevast som vanskeligare for svakare grupper å fremje rettmessige krav. Dette forsterkar den sosiale ulikskapen i ordninga. Fagforbundet vektar dette som eit sterkt argument for avvikling av ordninga.

Med fordelingsproblemet som hovudargument vil Fagforbundet støtte alternativ 1, å avvikle frådragsordninga og overføre midlane til offentlege stønads- og tilskotsordningar på statsbudsjettets utgiftsside. På denne måten vil ein sikre støtte til dei som har minst og treng det mest. Fagforbundet meiner det er prinsipielt feil å basere ei velferdsordning på at mottakar må ha skattepliktig inntekt.

Det opprinnelege formålet: "Sikkerheitsventil"

Særfradraget skal ha ein funksjon som ein sikkerheitsventil som fangar opp tilbod og utgifter som ikkje er omfatta av helse-, omsorgs- eller trygdesystema. Dette kan for eksempel vere aktuelt dersom private institusjonar i inn- eller utland kan tilby nye behandlingmetoder før det offentlege er i stand til det. Men, dersom det er områder som ikkje er fange opp, som burde vere omfatta, så burde det vurderast av ansvarleg myndigheit, ikkje av likningssystemet. Særfradragets funksjon som sikkerheitsventil fungerer ikkje og Fagforbundet støttar arbeidsgruppa fleirtal i at denne funksjonen ikkje fungerer, og at den derfor ikkje bør tillegast særleg vekt i vurdering av om ein bør beholde ordninga. Fagforbundet meiner at denne funksjonen i større grad kan bli ivareteke på utgiftssida av statsbudsjettet ved overføring av midlar, med tanke på at særfradragordninga uansett berre er relevant for dei med tilstrekkeleg høg inntekt til å benytte særfradraget, og får størst betydning for dei som har god nok økonomi til å føreta kostbare anskaffelsar.

Administrative omsyn:

Omsynet til ei ryddig arbeidsdeling mellom utgiftssida og inntektssida på statsbudsjettet taler mot å kanalisere pengar til personar med store sjukdomsutgifter gjennom skattesystemet. Særfradragordninga overprøver i praksis prioriteringar av offentleg midlar som blir gjort på helse-, omsorgs- og trygdeområda. Støtta som blir gitt gjennom særfradraget er ikkje gjenstand for prioritering, på same måten som anna offentlig støtte. Grunnlaget for frådrag er relativt vagt og upresist, og ordninga i seg sjølv er basert på eit usolidarisk prinsipp om at ein må ha skattepliktig inntekt for å nytte ordninga. For det første er det problematisk for mottakar fordi det er vanskeleg å forutsjå kva ein får dekt, og for det andre er det problematisk for likningsmyndigheitene at saksbehandlninga er krevande og komplisert og at saksbehandlarar må gjere skjønssvurderingar som eigentleg ligg utanfor saksområdet deira. Vidare er det problematisk at utgiftene ikkje er gjenstand for prioriteringar, og i nokre tilfeller overprøver prioriteringar gjort innan helseområdet. Prinsipielt skil ordninga seg ut i skattesystemet, som er basert på at likningsmyndigheitene berre kontrollerer, medan skatteytar er ansvarleg for å skaffe korrekt informasjon. Desse sakene krev individuell behandling, og fungerer derfor dårleg i likningssystemet.

Fagforbundet støttar arbeidsgruppa fleirtal i at administrative omsyn talar for avviklinga av ordninga og overføring av midlar til statsbudsjettets utgiftsside på tilsvarande området. Det er hensiktsmessig at støtte til helse- og sosialformål er underlagt ei form for prioritering, og at det vil vere til innbyggjarane sitt beste om det er myndigheiter med ansvar for helseområdet som gjer desse prioriteringane og sakshandsaminga.

Generelt:

Generelt kan ein argumentere for å behalde ordninga fordi det er mange personar som vil kome dårlegare ut dersom ein avviklar ordninga, sjølv om ein overfører midlar til statsbudsjettets utgiftsside. Dette skuldast at ein for ein stor del vil nå andre brukarar en dei som blir nådd gjennom dagens særfradragordning. Argumentet for at ein likevel ønsker å

gjennomføre avviklinga er at ein kan nå personar som treng støtten meir, enn dagens brukarar av særfrådragsordninga.

Avvikling av særfrådragsordninga vil særleg råke dei som har mange små utgifter, fordi særfrådraget vert gitt på grunnlag av samla utgifter på grunn av sjukdom. Det betyr at særfrådragsordninga fangar opp personar som har mange små utgifter, der den enkelte utgifta ikkje kvalifiserer til støtte, men den samla summen er tilstrekkeleg for å kvalifisere til særfrådrag. Dette er ei vanskeleg vurdering, fordi ein veit at det er personar som vil miste ei ordning som dei er vande med å leve med, men samtidig så treff ikkje denne ordninga dei som treng det mest, sidan lavinntektsgrupper og personar med lave og middels pensjonsinntekter ikkje kan dra nytte av ordninga uansett.

Fagforbundet understrekar at det er viktig å finne måtar å ivareta denne gruppa, som har mange små utgifter som samla set utgjør ein stor utgift, men meiner at det er viktigare å sikre ein betre fordelingsprofil for ordninga i seg sjølv, og at med dette utgangspunktet er Fagforbundet positive til å avvikle ordninga.

Ved avvikling av ordninga

Fagforbundet støttar forslaget om at frigjorte midlar ved avvikling av særfrådragsordninga blir flytta over til tilsvarende postar på utgiftssida der det er hensiktsmessig, som:

- 137 millionar kr til auka tannlegerefusjon
- 23 millionar kroner til å styrke husbankens tilskotsordning for boligtilpassing
- 4 mill. kroner til å auke rammene for Statens behandlingsreiser.
- I tillegg frigjerast 198 millionar kroner som arbeidsgruppa ikkje føreslår ein konkret bruk av, men som kan knyttast til prioriterte helse- og sosialformål. Dette kan omfatte utgifter som på ein eller anna måte er knytt til sjukdomsutgifter for pasientane, som for eksempel refusjonstakstar, bilstønad, kiropraktorrefusjon mv., men kan også vere behandling eller helsetjenester generelt, som for eksempel rusomsorg.
- Fagforbundet støttar mindretalets forslag om at 25 millionar kroner av dei 198 millionane kan brukast til å utvide vilkåra for å dekke meirutgifter til kost under grunnstønadsordninga.

Det er anslått at avvikling av særfrådragsordninga vil frigjere 100 årsverk i skatteetaten. Fagforbundet meiner at dei frigjort ressursane som følgjer av avvikling må overførast til utgiftssida av statsbudsjettet for å dekke behov for auka administrative resurssar som følgje av omlegginga og at eventuelt resterande midlar må frigjerast til prioriterte helse- og sosialformål.

Fagforbundet meiner at det viktigaste er å finne ei ordning som sikrar betre fordeling og tryggleik for dei som har minst, og at dette best kan sikrast gjennom avvikling av ordninga og overføring av frigjorte middel til utgiftssida av statsbudsjettet. Fagforbundet meiner at kvalitetssikring og prioritering av støtte til sjukdomsutgifter er betre sikra gjennom offentlege stønads- og tilskotsordningar enn gjennom likningssystemet.

I tillegg støttar Fagforbundet at arbeidsgruppa argumentasjon om at det vil vere hensiktsmessig med ei ryddigare arbeidsdeling mellom utgiftssida og inntektssida på statsbudsjettet, og det talar for avvikling av ordninga.

Alternativ 2: Fortsatt frådrag for sjukdomsutgifter i skattesystemet

Rapporten drøftar alternativet å revidere den eksisterande ordninga. Fagforbundet støttar ikkje ei revidert ordning for særfrådrag, då dei overordna utfordringane med dårleg fordeling og komplisert ordning ikkje ser ut til å vere mogeleg å løyse, sjølv om ein kan få bukt med andre mindre heldige sider ved ordninga. Så lenge ordninga er basert på skattesystemet

gjenstår hovudproblemet med ordninga, nemmeleg at den forutset skattepliktig inntekt, og at den slik reproduserer sosial ulikskap.

Med helsing
FAGFORBUNDET
Samfunnspolitisk eining

Jan-Tore Strandås
leiar

Ingrid Buset
rådgivar